

Fortent feiring

Dagfinn Aa runda sytti!



På leikøvinga i Sogn og Fjordaneringen 23. januar vart rettleiar Dagfinn Aa gjort ære på og vel fortent feira – han fylte 70 nett den dagen!

Kven skulle tru han er så oppi åra, sprek og ungdommeleg som han er... Og når vi nemner noko av alt han har gjort for laget og ringen i meir enn ein mannsalder, er det halvt utruleg.

Dagfinn i ringen

Dagfinn kom med i ringen i 1973. Det var Bjarne Hestenes som fekk han med for å hjelpe Nordfjordlaget til eit godt resultat – i friidrett i fyrste omgang.

Dagfinn blei med på kurs for nybegynnarar om lag med ein gong. Han sat i styret 1974–1977, som formann i 1976 og 1977, og gjekk leikleiarkurs i 1981 og 83.

TOK KAKA: Folk let seg be – minst to gonger, og tok kaka, konfekt og frukt og feira rettleiar Dagfinn, som også fekk gode ord frå leiar Finn Stafsnes i ringen og nestleiar i laget, Anny Sollid – vel fortent.



Dagfinn var rettleiar i ringen periodane 1981–82, 83–85, 90–92 og hausten 93. Han har vore fast rettleiar frå 1997, om ikkje heilt åleine, så har Dagfinn stått for det aller meste! Faktisk over 20 år! Dessutan har han halde mange kurs: begynnarkurs i gammaldans, svenske polskor (Boda- og Bingsjö-polska) og Vestlandsspringar – med mykje meir.

Vi har ikkje vore i stand til å finne noka oversikt som er nær komplett.

På Folkedanskveldane som ringen har ansvar for, har Dagfinn ofte leia ei økt med turdans og ei med songdans.

I tillegg til å vere ein god rettleiar, er Dagfinn også ein framifrå dansar og har vore med på tallause framsyningar og utlandsturar med ringen i tre-fire tiår.

Dagfinn var òg med på å skrive sogeboka til ringen sitt 50-årsjubileum i 2004. Det var også han som tok initiativ til å starte arbeidet med boka.

Vi trur ikkje vi tek for sterkt i når vi seier at ingen har ofra meir tid og lagt ned større innsats for ringen enn Dagfinn, nokosinne. Han vart æresmedlem i ringen i 2004 og har halde på like trutt!


Dagfinn i laget

Og ikkje nok med det; han har gjort eit ubetaleleg (og ubetalt!) arbeid i laget like lenge; som hytteansvarleg på Nordfjordhytta i årevis, der han har halde hytta og området i stand og fått folk med på dugnader, rekeparty, ostelag og anna. Han har sjølv sagt sete i hyttestyret i Sogn og Fjordanelaget i årevis.

Den andre store jobben han har gjort i laget, er innsatsen på lagskjøkenet heile dagen og halve natta på klubbefestane i nesten tretti år, dei siste femten i spissen for kjøkengjengen sitt store og gode arbeid med festmaten vår, klubb!

Dagfinn har også sete nokre år i styret i BLS, som leiar i to-tre av dei, m.a. då NU-stemna var i Oslo i 1983.

TAKKA: Sist tok jubilaranten sjølv ordet og takka for gode ord og merksemd – og ikkje minst for samveret i ringen i alle desse åra. Før han drog i gang siste økta for kvelden...



EIN VERDIG JUBILANT: Samla trur vi trygt vi kan seie at ingen andre har lagt ned eit større og meir trufast arbeid for Sogn og Fjordaneringen og -laget enn Dagfinn Aa. Gratulerer med dagen som var og lukke med åra som kjem!

TEKST: Anny, Finn og Alv Reidar på vegner av laget og ringen

FOTO: Svein Aasen ©